

## **Råd og rettleiing**

### **Kven kan få tilbodet?**

Det er ikkje nødvendig å vere i ein vanskeleg livssituasjon for å få råd og rettleiing frå Nav kontoret.

For å få råd og rettleiing må du vanlegvis sjølv ta kontakt med Nav kontoret ditt.

I nokre tilfelle kan Nav kontoret på eige initiativ gje informasjon, råd og rettleiing dersom dette kan vere med å løyse eller førebyggje sosiale problem.

### **Korleis få tilbodet?**

Ta kontakt med Nav kontoret for å avtale ei samtale.

### **Kva får du tilbod om?**

Nav kontoret kan gje opplysningar om rettar og rettleiing om regelverk og kva som er vanleg praksis innanfor tenestene. Når du kontakter oss kan det bli sett i verk tiltak for å finne ut kva for behov du har.

Eksempel på kva du kan få opplysningar om og hjelp til:

- Opplysningar om reglar ved sakshandsaming, reglar ved klage og sakshandsamingstid.
- Hjelp til å fylle ut søknader.
- Informasjon om andre ytingar du kan ha krav på
- Døgnovernatting for personar og familiar som ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv.
- Informasjon om bustadspørsmål
- Opplysningar om arbeid og rettleiing knytt til jobbsøking.
- Informasjon om Kvalifiseringsprogram
- Informasjon om barnehagar, skular, familierettleiing
- Henvising og informasjon i forhold til helseproblem
- Opplysningar om økonomisk rådgjeving
- Opplysningar om økonomisk sosialhjelp
- Råd og rettleiing til rusmisbrukarar og deira pårørande

Sjølv om Nav kontoret ikkje fullt ut er orientert på alle områder, vil vi hjelpe til og eventuelt vise det vidare til rett instans.